

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Dei sat ved bordet, anten eit klaffebord eller i eldre tid eit langbord. Skiva var sjeldnare um det enn fans på same kjökkenar.
2. Heile huslyden sat ved same bordet, og gjer det framleides.
3. Alle fekk og får mat samstundes, utan at nokon er ute og kjem sinare heim.
4. Alle får same maten, so sant dei er friske.
5. Folk får maten på kjökken til vanleg. För hende det dei hadde maten i stova, avdi kjökken var mindre god og dei helst koka i stova, no er det meir slutt, so kjökken er den vanlege daglege matstaden.
6. Til högtids brukar dei ha maten i stova, eller når der kjem framande. Elles stödt på kjökken, gjerne sundagar ned. Men dei sit alltid ved same bordet både husbond og tenar.
7. Dei har jamnast faste plasser, um det enn kan skifta noko, serleg der det er born. Husbonden sat gjerne for enden av bordet eller övst ved ei langsida der det var utsyn mot döri, um bordet stod til veggen med enden. Matmori sat anten ved enden eller og ved sida nærrer enden. Tenestegjenta kunde og ha plassen sin for enden.
8. Skikken at borni stod ved bordet ukjent her.
9. Husbonden sin plass sjeldan kalla högsætet her eller merkt ut på sers måte, utan kanhenda med ein sers stol som var hans.
10. Um det var langbord midt på golvet, sat husbonden gjerne for enden, eller um bordet stod til veggen med eine enden, hadde han plassen sin på langsida so han hadde fritt utsyn til döri.
11. Dei vaska hendene um dei hadde vore på arbeid som skitha dei. Mannfolki sat alltid berrhovda ved bordet.
12. För åt so mange som mogeleg av same fatet, graut og supa, men eg kan ikkje minnast dei hadde sams mjölkekopp til grauten. Heima hadde dei mjölk i ei liti steinty-skål, ikkje kopp til kvardags. Dei tok jamnast ei skei graut og duppa i mjölk og förde til munnen. Sume brukte og både för og no å dricka av skåli eller koppen utan å duppa skeii. At dei slo mjölk i på tallerken var sjeldnare, um det enn vart gjort sumegonger. - Kaffidrikking og kaffikoppar vanleg det eg kan minnast og truleg ei tid för (eg er född 1879).
13. Gryta sette dei aldri på bordet, det hende dei sette ei stekjepanna på bordet med eit trestykke under, eller noko papir, men ikkje vanleg. Gryta stod i gruva eller på komfyren og der auste dei på tallerkar eller fat frå den og sette på bordet. Stundom kunde dei og fylla eit fat med ymse matslag og setja på bordet so folk kunde ta ny forning av det..
14. Me laga alltid hite av middagsmaten, anten det var fisk

- eller kjöt. Fyrst eit hövande stort stykke flatbörd, deretter kjöt eller fisk, so si skiva jordeple og ovanpå eit stykke flatbörd, so beit me av og åt frå kanten. Mekalla det bite eller:bete.
15. Ja, sukkerbiten tok dei stödt i munnen og drakk Raffi attåt. Alle gjorde det.
16. För vanleg drikka kaffi av skåli. Dei töpte det var kniperi um dei ikkje skjenkte full både koppen og skåli, so slop dei på tefatet og drakk, og jamt var kaffien so heit at dei måtte kjöla han på tefatet. No ser me mest aldri nokon slår kaffien på skåli, og det höver heller ikkje når der er fin duk på bordet.
17. Gaffel kom i vanleg bruk heima millom 1890<sup>og</sup> 1900<sup>tenkjer</sup> eg.
18. Heima hadde me alltid bordknivar av jarn, eg veit ikkje av ~~at~~ at dei brukta tollekniven ved bordet når dei åt.
19. Kvar hadde ei skei, utan at der var sers merke på henne. Dei vart stödt vaska etter maten oglagde i ein liten kasse der det var eit rom jamsides for knivane. För bruks dei treskeier, eller grumare var hornskeier, heima bruka med stödt jarskeier, det eg minnest. Til högtids og fest: sylvskeier.. Skeiene alltid vaska etter bruken.
20. Når me åt til dugurds oghadde litt steikt flesk attåt, tok ~~me~~ eit stykke flatbörd og la flesket på, og tilslutt åt me upp det og, i ein ein bite ~~me~~ laga til. Til nonsmaten som var middagsmat, bruka me alltid tallerkar av steinty, det eg minnest. För kunde dei brukta ei liti fjöl som eit skjerebrett, eller ei rund brikka av ei fjöl, stundom ~~måla~~, eller og berre bordet. Etter dei slutta eta av same fatet, bruka dei djupe tallerkar, til graut og supa.
21. Til kvardags bruka me ikkje duk heima det ~~fyrste~~ eg minnest. So kom voksduk i bruk. No er voksduk vanleg, um dei ikkje har desse nymotens bordi der dei ikkjetreng duk og som er lette halda reine. Brukar dei voksduk ligg han på heile dagane.
22. Voksduk mykje brukt, trekvite bord sjeldan, meir målte eller og slike bord som er samansette av ein slags masse, dei er komne i bruk dei siste åri.
23. Kvar kunde ta det han vilde og so mykjehan vilde, eg minnest ~~me~~ dei snakka um at dei etla ut maten för men såg det aldri. Fati vart sendekring i ein viss orden, frå husbonden av. Når dei etla ut maten, som me kalla det, kunde dei som hadde trøng for det, få meir um dei berre sa frå.
24. Heller ikkje smör, ost eller bröd vart ut-etla heima.
25. Rimeleg at dei som arbeidde tyngst eller trøng mest for å voksa, fekk meir enn andre, i den tid dei etla ut maten.
26. Når borni vart so store dei klara seg sjölv ved bordet, fekk dei det, alderen til det kunde verahoko ulik. För fekk dei hjelp av foreldri eller vaksne eller eldre systkin.
27. För vanleg å tyggja maten åt småborn, no ikkje.
28. Kvar las helst bordbön stille for seg, sume lenger, andre stuttare. Sumestader las helst småborni bordbön, no er det meir slutt heima. Heima vart det slutt at borni las bordbön etter dei eldste borni vart store. Kjem der framannde, les kvar stille for seg, um dei brukar den skikken enno, for sume er slutta med øt.
29. Jamnast var det snakk ved bordet, um arbeidet dei hadde gjort eller skulde gjera, eller um nytt dei hadde höyrt. Förbod mot å snakka kjenner eg ikkje til heimangå. Kven som vilde kunde fritt tala ut.
30. Å le ved bordet var ikkje so vel hövande, men det hende når der vart sagt noko morøsam. Noko ordtak um det kjenner eg ikkje heimanfrå.
31. Sang ved bordet ukjent anna ved högtider og vertskap, t.d., likferd. Ordtak: Mannen visste ikkje at kjerringi var galen för ho songved bordet.
32. Helst venta ein til allevar ferdege för ein reiste seg frå bordet, det vart helst set på som mindre god uppseding at dei

- gjekk för, eller dei måtte ha travelt då.
33. Skikken å takka for maten millom husens folk ikkje brukt för, heller ikkje er det vanleg no.
34. Kom framande inn med dei at til bords, sa dei för: signe maten, eller Gud signe maten. No segjer dei hel~~at~~: velbekome.
35. Sjeldan bad dei framande sitja saman med seg til bords, dei duka heller på seinare, og sette det fram på ein pyntelagare måte. Stundom kunde dei framande be seg fri verta sette til bords. Var det meir kjende eller slike som kom eit erind, t.d. kjöpa jordeple, kunde dei verta bedne med til samebordet.
36. Var det langframande duka dei stödeg bordet um dei kom millom måli, um dei ikkje bad seg fri.
37. Helst skulde dei framande ha sers traktering, og det varer ved, eller um dei tek dei same rettene: so vert det sette finare fram.
38. Kjelen stod ikkje på heile dagen; kom der framande som skulde ha kaffi, sette dei han på og mol gjerne litt rau-stare på enn til vanlegg.
39. Det hender dei let meir kjende eta saman med seg på kjökken, er det mindre kjende eller langvegsfrå, skal dei inn i stova og ha sers traktering. Har dei andre nyss fått mat, et den framande åleina, eller og kan anten husbonden, hāsmori eller ein annan sitja saman til bords med den framande.
40. Helst skal ein be den framande fordyna seg, gjerne fleire gonger, men dei er ikkje so stride på det som för, korkje dei som skal til bords eller dei som gjev mat, at dei nøyder folk. Det gjorde dei før mange stader, visst heima og.
41. Et den framande åleina, sat jamnast ein annan inneog heldt han med lag, gjerne husmori. Var det ein mann, sat ~~husbonden~~ i benken og prata med den framande, med andlitet mot, var det matmori som sat inne, kund ~~se~~ ho sitja med eit spöt burte ved omnen var det vinterstid, og då gjerne meir halvt vent mot den framande, til andre tider i ~~bæren~~ eller på ein stol med spötet sitt, og då med gjerne litt vendt burt frå, um ikkje so mykje.

5192